



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3612 - 18/17144

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
20.08.2018

## Godkjenning - utslepp frå fritidsbustad og tilkopling vatn GBNR 9/47,56 Hjertås

**Administrativt vedtak. Saknr: 209/2018**

Vi syner til søknad motteke 18.08.2018.

Tiltakshavar: Turid Haraldseth  
Ansvarleg søkjar: Fløysand VA AS  
Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta § 12 - 5  
Godkjenning etter plan - og bygningslova § 20 – 1

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 18.08.2018, søkt om eit utslepp frå ein fritidsbustad på Hjertås gbnr 9/47 og 9/56 i Meland. Utsleppet det er søkt om er eit utslepp som skal via slamavskiljar på 4 m 3 til sjøen på minimum 10 m djupleik. Det er ikkje veg til eigedom, så anlegget krev tømning med slamsugebåt. Tømning av septiktank skal ikkje innlemmast i kommunal tømmeordning. Tiltakshavar har ansvar for å ordne tømning i privat regi. Det skal monterast vassklosett.

Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk via felles privat vassleidning som er lagt fram til hytter. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonskart mottatt 18.08.18, datert 15.08.18.

### Nabovarsel:

Tiltaket vart ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 .  
Det er ikkje naudsynt med varsling i saka då naboar vert ikkje råka.

### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 18.08.2018.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vurdering:**

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i dette området. Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningsforskrifta.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 209/2018**

**Vedtak**

«Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for ein fritidsbustad på Hjertås på gbnr 9/47,56 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar på 4 m<sup>3</sup> av godkjend type før utsleppet vert ført i sjøen på min. djupleik på 10 meter. Det skal installerast vassklosett.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for svartvatn i samsvar med situasjonskart, motteke18.08.18.
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forureining, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Meland kommune si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Tiltaket skal ikkje innlemmast i kommunal slamtømmeordning, tømning er muleg med båt. Det er tiltakshavar som har ansvar å inngå tømmeavtale og sende kopi av avtalen til kommunen før ferdigattest skal gjevast.

\*\*\*\*\*

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på gbnr 9/47,56 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke18.08.2018 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova» Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureiningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

**Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om nytt sanitærabonnement til offentleg vatn GBNR 9/47 og 9/56

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn GBNR 47/56

Situasjonskart

**Vedlegg:**

Erklæring om ansvarsrett  
Gjennomføringsplan

**Mottakrar:**

Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG